



Magne Heggøy : Over 1 million i år

Statistikken for ferietrafikken i Sunnhordland dei første 8 månader i år viser ein nedgang for camping og hytter med nesten 6 prosent. Men Rabben Feriesenter i Uskedalen har ein langt meir positiv utvikling å peika på utan at Magne Heggøy kan gje ein prosent på sparket. Dei har hatt fullt belegg frå i mai og til no - først av feriefolk og sidan av arbeidsfolk, kan Heggøy melda. Rabben vil i år for første gong passera 1 million i omsetnad,

Sunnhordland-statistikken kan vidare opplysa om ein pluss på 9 prosent frå Tyskland og det er eit tal som Heggøy i høgste grad kan skriva under på.

- Det er tyskarane som framom alt fyllar opp også hos oss, seier han. Tendensen er klar i heile området. Det er ein minus i trafikken av nordmenn med 4,5 prosent men ein pluss av utlendingar med 2 prosent.

Hotella har klart seg relativt betre enn lettare overnattingsformer i Sunnhordland- dei har ein pluss på 1 prosent. Men båthamnane har ein liten svikt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen